

## Årsmelding IL Valder 2021



### Hovudstyret (arbeidsutvalget) 2021:

Styreleiar:	Jarl Olav Sæther
Nestleiar:	Roar Blindheim
Sportsleg leiar:	Erlend Giskeødegård Holm
Økonomiansvarleg:	Kristin Edvardsen
Kommunikasjonsansvarleg:	Trine Klemetsen
Styremedlem:	Steinar Severinsen
	Birger Honningsvåg
Varamedlem:	Marthe Hauge Knutsen

### Gruppeleiarar som har møtt i hovudstyret 2021:

Barneidrett:	Robin Aag
Fotball:	Johan Giskeødegård
Friidrett:	Torgeir Folland
Handball	Anna Lena Gjørund

### Tilsette i IL Valder:

Dagleg leiar:	Roar Jønsson, siste dag 28.02.2022
Reinhaldar:	Vesna Pucelj

Revisorar:	Dag Oksnes og Øyvind Kringstad
------------	--------------------------------



### **Møter i hovudstyret 2021:**

Hovudstyret hadde konstituerande møte 02.03.2021. Då møtte vi Steffen Oksnes Elde som saman med Øyvind Blindheim etter vedtak i årsmøtet skal utgreie satsing på idrettsfritidsordning og paraidrett. Frode Oksnes og Gunnar Engeseth møtte også frå anleggskomiteen. Vidare har møta i HS vore kvar månad, utanom i sommerferien.

Av sakene HS har arbeid med vil vi trekkje fram:

- Utarbeid klubbhandbok.
- Planlegging, finansiering og bygging av rampe til klubbhuset.
- Sikringstiltak for å kunne opne heile kunstgrasbana.
- I 2022 har vi auka påtrykket ovanfor Giske kommune for å finne løysing i steinsprangsaka.
- Etablert anleggsutvalg etter vedtak i førre årsmøte.
- Etablert driftskomite for Valdervoll.
- Tilsetjing av Silje Brungot som ny dagleg leiar frå 1. mai 2022.
- Noko drøfting av saker frå gruppene. Felles for sakene er klarlegging av prinsipp vi skal fylgje. Dette er med i klubbhandboka.
- Utgreiing av satsing på idrettsfritidsordning og paraidrett. Utgreiinga frå prosjektgruppa er ferdig. Å setje det i gang krev innsats frå styret og engasjerte personar det komande året.

Det har vore behandla 80 saker. Ca 40 av desse er faste saker med innspel frå DL, SL, økonomi og gruppene, medan dei andre 40 er innmelde saker til behandling.

### **Medlemsutvikling:**

IL Valder har mars 2022 ca 950 aktive medlemmer. Det er ei auke på 50 medlemmer frå fjoråret. Tala er henta frå Klubbadmin. Det siste året har og vore prega av covid. I gruppene har det vore fokus på å gjennomføre aktivitetar trass utsetjingar.

Barneidretten har ca 230 aktive. Dei har hatt aktivitet som til ei kvar tid har vore tilpassa smittevernrestriksjonar. Aktiviteten har likevel blitt gjennomført, men oppdelt i kohortar for dei minste. Fjellquiz blei utsett, men gjennomført i sommarferien.

Friidrettsgruppa har ca. 80 aktive. Steinspranget har råka denne gruppa hardt, men dei held noko aktivitet i hallen.

Handballgruppa har ca 350 aktive. Sesongen vi er inne i har også vore prega av covid. Nokon lag har fått fleire kamper avlyst enn andre. I mai vert det felles tur til Tiller Cup for laga frå 11 år og oppover.

Fotballgruppa har ca 420 aktive. Våren blei gjennomført nesten som planlagt og hausten gjekk som vanleg. I barne- og ungdomsfotballen er det mykje glede og gode opplevingar. A-herrar har hatt det tøffare. Trening og kamp kunne ikkje gjennomførast normalt før i juni. Det er no likevel frisk satsing med nytt trenarteam og vi vonar dette laget får eit oppsving i engasjement.

### **Anlegg:**



- Klubbhuset har no fått tilbygd rampen frå 3. etasje. Det gjer at vi kan få ferdigattest på huset. Dette vert kombinert med lager under rampen. Det er søkt om spelemidlar til dette. I samband med dette vert det også støypt platt og ei tribune i forkant av rampen.
- Klubbhuset blei malt utvendig. Det vil no halde seg fint i mange år.
- Kunstgrasbana har opna i heile si lengde etter at sikringstiltak vart gjort.
- Friidrettsbana er fortsatt stengd pga rasfare.
- Vi har ein driftsavtale for idrettshallen, men kommuna eig den og har ansvar for større vedlikehald. Her er det behov for meir innsats for at denne skal haldast ved like.


### **Dugnad:**

Vi er avhengige av dugnad i klubben for å halde anlegget ved like. Det er gledelig med dei eldsjelene som bidreg her. Oppretting av eigen driftskomite for Valdervoll har vore eit viktig bidrag til å få struktur på dette arbeidet. I kvart lag er det dugnadsaktivitet for å finansiere reiser og sosiale aktivitetar.

Vi ser likevel at det er meir krevjande å få stor oppslutning til dugnader og det jamne arbeidet som ikkje er knytt til eige lag. Dette er ikkje spesielt for Valderøya. Vi håper at vi kan vere noko betre på dette slik at vi fortsatt er ein klubb for og av medlemmane.

### **Utleige:**

Vi har siste året hatt bra med utleige, men det har også vore prega av uforutsigbar smittesituasjon. Ein del arrangement har vorte utsett fleire gonger og nokon er avlyste. Det har vore støtteordningar som vi har søkt på og fått innvilga kompensasjon. Vi har testa å vere totalarrangør av julebord for 100 personar. Det var lærerikt, men vi erfarte også at det kan vere vel så greitt å la kunden ha direkte kontakt med leverandørar av mat, drikke og rigging av lokalet. Vi har vald ut PSS, Spar og Turistbussen Ålesund som leverandørar vi anbefaler til gjestar.



### **Arrangement og aktivitet:**

Dette året har vi arrangert:

- Fjellquiz med barneidretten
- Valderløpet med friidretten
- Tine Fotballskule
- 3 fotballturneringar med 60 lag innom
- Handballskule

No er samfunnet opna opp og vi håper det framover kan vere mogleg å arrangere fleire aktivitetar. Det vil gje engasjement for idretten og gje inntekter vi treng for å drifte idrettslaget.

### **Økonomi:**

Vi har ei jamn auke av medlemmar. Det er kjekt å sjå dette når vi veit korleis dei to siste åra har vore. Fleire arrangement har vorte avlyst, og noko av dei venta inntektene er kompensert frå statleg ordning.

### **Samarbeidspartnar og sponsorar:**



Vi har gode sponsorar som ser verdien i det arbeidet vi gjer. Dei gjer det mogleg å halde kostnadane for medlemmane på eit lågt nivå. Det er no dagleg leiar som skal vere ansvarleg for avtalane og kontakta med sponsorane. Vi er inne i eit arbeid for å samle denne informasjonen og gjere den godt synleg for gruppene og publikum. Nokon sponsorar er føretrekte partnarar når det gjeld utstyr, mat og reise. Vi skal i det fylgjande gjere det meir synleg for gruppene

### **Fair Play:**

Det skal vere ein god oppleving å møte IL Valder i kamp. Det gjeld uansett resultat av kampen og kva som skjer undervegs. Vi har fokus på dette og dei tilbakemeldingane vi har fått stadfestar at vi gjer noko godt her. Vi skal framover strekkje oss lenger og heile tida halde fokuset på dette.

Valderøya, 24 mars 2022.

Hovudstyret i IL Valder